

## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019**

### **Røysting**

Prosjektleiar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fellesnemnda viser til framlagte arbeidsdokument og gjer følgjande prosessvedtak:

1. Fellesnemnda tek prosjektleiar si orientering om Kommuneproposisjonen for 2020 til vitande.

Fellesnemnda legg, ut frå signala i Kommuneproposisjonen til grunn at budsjettet for 2020 og økonomiplanen for åra 2020-2023 vert utarbeidd utan vekst i dei frie inntektene.

2. Fellesnemnda legg ny prognose for konsesjonskraftinntekter til grunn i budsjettet for 2020/økonomiplan 2021-2023.

Fellesnemnda ber prosjektleiar innarbeide nye føresetnader for kapitalkostnadane i budsjett og økonomiplanen.

3. Fellesnemnda ber prosjektleiar ta omsyn til desse sakene i det vidare budsjettarbeidet.

4. Søknadar om finansiell medverknad i økonomiplanperioden 2020-2023 frå eksterne aktørar vert handsama og eventuelt prioritert innanfor dei sektorrammene som vert gitt i dette arbeidsdokumentet.

5. Fellesnemnda legg til grunn ein samla reduksjon i driftsnivået på 100 mill. kr i 2020 på sektornivå med slik fordeling:

Organisasjon, økonomi og politisk styring	7 mill. kr
Strategi og digitalisering	1 mill. kr
Tannhelse	5 mill. kr
Kultur, idrett og integrering	3 mill. kr
Infrastruktur og veg	6 mill. kr
Mobilitet og kollektiv	41 mill. kr
Innovasjon og næringsutvikling	1 mill. kr
Opplæring og kompetanse	36 mill. kr

Innsparingskravet på sektorane vert auka med 100 mill. kr årleg til samla 200 mill. kr i 2021, 300 mill. kr i 2022 og 400 mill. kr i 2023.

Prosjektleiar får i oppdrag å presentere spesifiserte sektorbudsjett på løvingsnivå for 2020 til neste arbeidsdokument. Vidare skal økonomiplantal for 2021-2023 presenterast. Det skal utarbeidast ei oversikt over tiltak/ innsparingar i 2020, samt konsekvensane av desse.

Fellesnemnda legg til grunn at prosjektleiar vurderer kva tiltak/prosessar som skal setjast i gang på sektorane for å kome i mål med innsparingskrava i økonomiplanperioden.

6. Fellesnemnda legg prosjektleiar sitt framlegg til saldering til grunn for budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023.